



Regionrådet i Nordhordland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 15/5904

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

12.03.2015

Søknad om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt-prioriteringsområde 3 "by- og tettstadutvikling", utviklingsarbeid Knarvik sentrum

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 22.12.2014, og av brev frå Regionrådet av 26. januar 2015.03.12. Regionrådet har sett fristen for å kome med søknad til den 28. februar. Vi tillet oss å sende søknad om tilskot på prioriteringsområde 3 «by- og tettstadutvikling» sjølv om vi er etter fristen til regionrådet. Vi har i dei siste månadene vore inne i eit avsluttingsarbeid med omsyn til områdeplan for Knarvik sentrum. I dette arbeidet har nokre nye delprosjekt vorte tydeleggjort.

Lindås kommune har i fleire år arbeidd med utviklinga av regionsenteret Knarvik. Føremålet med det pågåande planarbeidet er å leggje til rette for ei trinnvis transformasjon og omforming av Knarvik sentrum til eit regionsenter som har framtidretta og utbane løysingar med høg arkitektonisk kvalitet. Ei bymessig utvikling skal og leia til ein levande by som inviterer til bruk av byrom, og som tilbyr eit mangfald av kvalitetar for alle.

Framlegg til områdeplan er nyleg lagt ut til 3. gongs offentleg ettersyn, etter vedtak i plan- og miljøutvalet den 4. mars. I føresegna til planframlegget, er det skissert noko arbeid som må startast opp i nær framtid. Dette gjeld gatebruksplan, lysplan, miljøfagleg utgreiing knytt til ei (delvis) omlegging av Lonsvassdraget saman med plan for omlegging opning og omlegging av elveløpet for Lonena.

Gatebruksplan og lysplan skal utarbeidast for offentlege vegar og byrom i planområdet:

«Gatebruksplanen skal vise eit heilskapleg estetisk konsept med felles material, møblering, planter og lyssetting. Planen skal vise sosiale møteplassar/sitjeplassar som tek omsyn til sol – og vindtilhøve mm. Føremålet med planen er å gje kvalitetar til veg og byrom som ikkje er omtala direkte i kvalitetsprogrammet. Intensjonane i kvalitetsprogrammet må også leggjast til grunn for utforming av gatebruks- og lysplanen.

Lysplan skal vise heilskapleg lyssetting for byrom, gater og fortau.» (Føresegna § 2.8.1)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum viser Almenningen som eit bindeledd gjennom sentrum, men med Kvasnesstemma i sør, og Lonena nord for idrettsområdet. Lonsvassdraget går frå Lonena, og er i dag lagt i rør gjennom sentrum. Lonsvassdraget skal delvis gå slik det gjer i dag, og det skal delvis leggjast om slik at vatnet vert eit viktig element i utforminga av Almenningen og ned til Kvasnesstemma. Det skal og etablerast ny flomveg i rør til Kvasnesstemma. Det skal utarbeidast ei miljøfagleg utgreiing før dette kan etablerast, jf. føresegna §2.5.1.

Stipulert kostnadsoverslag for Gatebruksplan og lysplan for offentlege vegar og byrom

Aktivitetar	Omfang, dagsverk	Kostnad (ca 1000 kr pr.t.)
Oppstart/analyse/synfaring	7	
Utarbeide konsept	10	
Møte i arbeidsgruppa	1	
Skisseutkast	8	
Miniseminar, samarbeid, medverknad	5	
Workshop lys 1:1	5	
Utarbeide utkast	14	
Presentasjon	2	
Bearbeide utkast, ferdigstilling	5	
Samordning av planane	5	
Presentasjon	1	
Evt. Justeringar, ferdigstilling	3	
Sum tidsbruk/kostnad	66	495 000

Stipulert kostnadsoverslag for miljøfagleg utgreiing

Aktivitetar	Omfang, dagsverk	Kostnad (ca 1000 kr pr.t.)
Oppstart/analyse/synfaring	5	
Møte i arbeidsgruppa	1	
Utkast til rapport	8	
Informasjonsinnhenting, medverknad	2	
Utarbeide utkast	6	
Presentasjon	2	
Bearbeide utkast, ferdigstilling	2	
Presentasjon	1	
Evt. Justeringar, ferdigstilling	1	
Sum tidsbruk/kostnad	28	210 000

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Frøydis Ones
arealplanleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ass. rådmann Hogne Haugsdal
Einingsleiar teknisk drift
Fylkesmannen i Hordaland

Arne Eikefet

Mottakrar:
Regionrådet i Nordhordland